

UKM 05/18 Seksualundervisning i kyrkja

Vedtak

Kyrkja er ein viktig arena for mange barn og unge gjennom trusopplæringa. Difor meiner UKM2018 at det er viktig å satse på seksualundervisning i kyrkja. I skulen si seksualundervisning er det ikkje alltid rom for etisk refleksjon, og seksualundervisning i kyrkja kan difor bidra positivt med andre perspektiv. Til no har ei heilskapeleg seksualundervisning vore mangelvare og nokre stader heilt fråværande i kyrkja. Andre stader har den vore prega av varierande kvalitet, eller avhenging av lokale krefter og forskjellige nøkkelpersonar. Vi treng ei oppdatert, forpliktande seksualundervisning som tek opp eit spekter av sentrale tema, som til dømes grenser, makt, relasjonar, kjensler, kropp, onani, seksuell legning og kjønnsidentitet, nærliek og spørsmål om overgrep, porno, skuld, anger og skam. Det er mangel på dette fokuset i øvrig, skulebasert seksualundervisning, og difor må kyrkja komme på banen. Kyrkja må vere ein stad der ein kan oppleve at det er trygt å ta opp alle desse temaene som viktige sider ved menneskelivet. Kyrkja må og vere ein stad der det er trygt å snakke om psykisk og fysisk vold og overgrep, både som hendingar som har funne stad i ein kyrkjeleg setting og utanfor kristne arrangement.

Kristen tenking og bibelsk grunnlag

Utifrå kristen tenking kjem mennesket sin verdi frå Gud. Den danske teologen Knud Ejler Løgstrup er kjend for sitatet: «Du har aldri med et annet menneske å gjøre uten å holde en bit av dets liv i din hånd», og dette viser til ein grunnleggande respekt og omtanke for det einskilde menneske. Når menneske blir gjort til objekt, gjort til umyndige gjenstandar for andre sitt begjær eller blir krenka, er dette i strid med det kristne menneskesynet.

I kyrkja har seksualitet ofte blitt knytt til skuld og skam, og for mange vil dette bakteppet prega møtet med kyrkja si formidling om seksualitet. Om vi som kyrkje skal tematisere dette, vil det å halde fast i eit positivt syn på seksualitet vere avgjerande for samtalen.

I det bibelske materialet finst det mange haldepunkt for å formidle eit slikt positivt syn: Salomos høgsong er eit langt erotisk dikt, og i Salomos ordtak 5,18 – 19 er seksualiteten skildra som noko gledefylt og godt. Som kyrkje må vi ha auge for den gode seksualiteten og samstundes vere medvitne maktmisbruk, krenkingar og grenseoverskridinger. I det bibelske materialet finst det også grunnlag for å reflektere over dette. Til dømes synleggjer historia om David og Batseba (2.Sam kap.11) og forteljinga om Tamar (2.Sam kap.13) korleis usunne patriarchalske strukturar kan underbygge og legitimere maktmisbruk og overgrep.

Kvifor seksualundervisning i kyrkja?

Når vi snakkar om seksualundervisning i kyrkja, er det viktig å understreke at vi snakkar om noko meir enn den praktiske, naturfaglege undervisninga som skuleverket har ansvar for. Kyrkja må snakke om seksualitet på ein open, ikkje-tabuiserande måte, med grunnlag i teologi og etikk. Vi understrekar at den

seksualundervisninga som kyrkja forpliktar seg på, må ta høgde for at det er to teologiske grunnsyn på ekteskapet i kyrkja i dag, og at desse syna blir lagt fram på ein opnande måte i det materialet som ein brukar.

I eit meir og meir seksualisert samfunn har kyrkja både ei plikt og ein mogelegheit til å vera ei viktig motvekt. Mennesket er skapt i Guds bilete, unike og uendeleg verdifulle. Det er ingen fasit på korleis menneskekroppen skal sjå ut. All kropp er bra kropp, om den er stor eller liten, sterk eller sårbar, og det må vi som kyrkje formidle. Kyrkja har eit ansvar for å lyfte fram eit positivt syn på kropp og sjølvbilete, som ei motstemme til det sosiale media, tv, film, reklame og pornoindustrien formidlar.

Kva for seksualundervisning – når og for kven?

Mange assosierer seksualundervisning i kyrkja med konfirmanttida. UKM2018 meiner at det er viktig at ein startar ein dialog om kropp, relasjoner, kjensler og grenser frå tidleg alder. Kyrkja kan vere med på å gi barn ein arena til å uttrykke seg og å lære om dette. Vi viser til Kirkenes Verdsråd sitt dokument om barnerettane, og at kyrkjene med dette har forplikta seg på å arbeide for at alle barn blir verna mot vald og overgrep. Ei tidleg, alderstilpassa seksualundervisning vil kunne vere ledd i arbeidet med dette. Ein er nødt til å tilpasse det ein formidlar etter alder og relevans. Difor meiner vi at kyrkja må satse på og prioritere seksualundervising på ulike måtar gjennom heile livsløpet.

I undervisning kan ein ikkje berre fokusere på heterofile cispersonar, men ein må vere open om spørsmål knytt til legning og kjønnsidentitet. Dette må formidlast på måtar som ivaretak seksuelle minoritetar og at kyrkja lever med to syn på ekteskapet. Det er ulike meiningar om seksuell utøving, men ei heilskapleg kyrkjeleg seksualundervisning skal vere forankra i at alle menneske er skapt i Guds bilete og villa av Gud.

I ei tilpassa seksualundervisning for små barn handlar det gjerne om å ha fokus på skilnaden på min kropp og din kropp, at ein har autonomi, altså rett til å bestemme over seg sjølv, og at ein kan sei ifrå dersom noko ugreitt skjer. Ei slik undervisning kan til dømes finne stad saman med foreldre i grupper. For konfirmantar vil ein ta opp tema som pornografi, sending av nudes (nakenbilete, som oftast sendt via snapchat), kroppsbytte og sjølvbilete. For unge vaksne og nygifte vil behovet for å snakke om seksualitet vere annleis, men ikkje naudsynleg mindre. Vi er skapt som heile menneske, og det inneber også at vi har med oss seksualiteten heile livet. Seksualiteten er ein integrert del av den vi er, og utviklar seg gjennom livet. Det må også kyrkja snakke sant og modig om, gjennom ulike livsfasar.

Makt og grenser

Det er viktig at seksualundervisninga i kyrkja tek opp spørsmål knyta til makt og grenser. Det har blitt utarbeida fleire opplegg som handlar om at unge leiarar skal bli meir medvitne på si eiga rolle ovanfor yngre deltakrar, og desse brukast i varierande grad rundt omkring. Spørsmål knytt til kva som er greitt å gjera mot andre, og kva ein skal la andre gjera mot seg, fell innunder dette. Det same gjer refleksjonar rundt kva som skjer når ein er tett på andre, til dømes på leir, i gudstenesteplanlegging, eller i tette grupper. Det kan handle om å ville vente til ein er klar, eller til etter at ein er gift med å ha sex. Det kan også innebere å ikkje fylgje seksualitetsnormene i dei miljøa ein tilhøyrar, og å få støtte til å stå i mot ulike typar gruppepress. Som kyrkje både kan og bør vi styrke den einskilde sin rett til å ta eigne val og beskytte eigne grenser, og plikt til å ikkje tråkke over andre sine grenser.

Vi må også formidle at makt er noko som utspelar seg i alle relasjonar.

Makt utspelar seg mellom anna i språket, i ulike roller, i aldersskilnad og i åndeleg utøving. Dette danner bakgrunn for å lage opplegg som gjer det lettare å sjå makt-asymmetri klårt, spesielt hos unge leiarar. Makt er også ein tydeleg faktor i møte med ulike minoritetsgrupper. I ulike minoritetsmiljø, men også i ulike delar av samfunnet som så, finst det mangel på språk for kropp og seksualitet. Sterke tausheitskulturar kan skamlegge og hindre vonde erfaringar i å komme fram. Gode, tilpassa undervisingsopplegg som bidrar med openheit og språk kan hjelpe og støtte dei som treng å formidle seg om overgrepserfaringar, samt førebygge at overgrep og grensekrenkelsar skjer i utgangspunktet.

Undervisning om seksualitet må vere tydeleg på kva overgrep og krenkelsar er, kva lovverket seier og kva det gjer med eit menneske si helse og sjølvbilete å bli utsatt for misbruk. Ein må også ta på alvor dei andelege sidene ved krenkelsar og seksualitet når krenkelsar har skjedd. Ein må ha klare konsekvensar når grenser har blitt overskride og menneske har blitt krenka på våre eigne arrangement og i våre eigne samanhengar.

Pornografi

Det finst i dag mykje forsking på porno. Verdas største pornonettside, Pornhub, frigjer statistikken sin, slik at forskarar kan kartlegge pornobruk. Den viser mellom anna at nordmenn er blant dei som ser mest porno i verda. Medietilsynet sin Barn- og media – undersøking frå 2016, viser at 73 prosent av alle 16 år gamle gutter ser porno månadleg eller oftare, og blant ungdom mellom 13 og 16 år besøker 19 prosent pornosider dagleg eller kvar veke. Den teknologiske utviklinga med auka tilgjenge til smarttelefon og internett har i særleg grad medverka til to ting: det har blitt kvardagsleg for mange unge å sende og å be om nakenbilete, og vi har fått ei massiv auke i unge sitt forbruk av porno. Dersom porno er den einaste informasjonskjelda om sex, kan falske forventningar og stereotypiar påverke barn og unge sine haldningar til eigen og andre sin seksualitet. Dette kan igjen auke risiko for grensekrenkingar. I ungdomsåra er hjernen i sterkt utvikling, og konsekvenstenkinga og «impulbsbremsene» er på sitt svakaste i puberteten. I situasjonar der vi manglar erfaringsgrunnlag, er vi alle meir påverkelege. Desse faktorane kan saman skape ei sårbarheit for misoppfatningar, urealistiske forventingar til oss sjølve og andre, og ein auka risiko for å krenke andre sine grenser, eller gå over eigne grenser.

All porno er ikkje menneskehandel og all menneskehandel er ikkje porno. Likevel har pornoindustrien koplinger til menneskehandel. Vi viser til ressursmateriellet frå reformasjonsjubileet om «Mennesker ikke til salgs», og understreker at pornoindustrien ofte viser eit forvrengt bilet av menneskeverdet. Dei som underviser om seksualitet i kyrkja må vere godt nok informert om porno og andre ungdomstrendar, og vere medvitne om at auka pornobruk er med på å skape eit behov for å tematisere seksualitet på våre arenaer.

Korleis? Haldningar og metode

UKM2018 meiner at ei kristen seksualundervisning må vere drøftande, opnande, ikkje-moralisande og invitere til refleksjon hos dei som deltek. Ei slik undervisning har Bibelen som normgrunnlag og nyttar Bibelen som refleksjonsmateriale i møte med aktuelle spørsmål og problemstillingar. Ei god seksualundervisning vil kunne nå alle, og alle må kunne kjenne seg treffe av det som blir lagt fram. Fordi det geografisk og kulturelt finst ulike syn på seksualitet, er denne tilpassinga av tyding. Undervisningsbolkar må vere tilgjengelige og informerte av samisk språk og kultur, og av teiknspråk og døvekultur. Dette inneber mellom anna at omsetningsarbeid og tilrettelegging blir prioritert.

Kven skal vere ansvarleg for å halde seksualundervisninga i kyrkja?

Ein må lokalt ein ta ein vurdering av kven som er best eigna til å gjennomføre undervisninga. Dette kan vere både tilsette og frivillige i både kyrkja og organisasjonar, og det kan vere både lokale og eksterne krefter. Det må fastsetjast nokre retningslinjer for kva ein skal gjennom, og ein må utarbeide ein nasjonal minimumsstandard for dette.

UKM 2018 utfordrar:

- **Den norske kyrkja/v Kyrkjemøtet** til å ta tak i våre synspunkt og avgjerder, og sørger for at det blir utarbeidd ein nasjonal minimumsstandard for seksualundervisning i kyrkja. Minimumsstandarden skal haldast oppdatert, og unge i kyrkja skal vere involvert i revisjonsarbeidet. Minimumsstandarden kan tilpassast lokalt og ta i bruk allereie eksisterande ressursar. Det skal vektleggast at undervisninga som blir haldt skal ha dialogisk form, med stort rom til å stille spørsmål.
- **Den norske kyrkja/v Kyrkjemøtet** til å vedta at det skal framgå klårt og tydeleg kva som er meldevei ved mistanke om overgrep, og at det skal føreligge klare retningslinjer for kyrkja sine arrangement. Barn og unge skal bli informerte om kor dei kan gå og kva dei kan gjera om dei blir utsette for, eller får kunnskap om overgrep. Det visest til heftet «Kirkens samtaler med barn og unge» av Presteforeningen og Kirkelig Ressurssenter som ressurs.
- **Samarbeidsrådet for barne- og ungdomsorganisasjonar** til å samordne, oppdatere og samarbeide om ressursmateriell som er nyttig i kyrkjeleg seksualundervisning. Samarbeidsrådet for barne- og ungdomsorganisasjonar utfordrast også til å finne stader der Den norske kyrkja og organisasjonane lokalt kan samarbeide om seksualundervisning. Det visast til plattformdokumentet *Kirkens Unge - en strategisk plattform for forpliktende samhandling om Den norske kirkes barne - og ungdomsarbeid*
- **Dei kyrkjelege utdanningsinstitusjonane** til å innføre seksualundervisning som obligatorisk del av utdanningsløpet til kyrkjelege stillingar.
- **Bispedømma og kyrkja sentralt** til å arrangere kurs/fagdager og vidareutdanning for tilsette i Den norske kyrkja der ein får råd til korleis og når ein kan tematisere seksualitet og ha seksualundervisning.
- **Alle kristne kyrkjer og organisasjonar i Noreg** til å gå framfor som ei etisk stemme om seksualitet i samfunnsdebatten.